

MOSTER GRENDAUTVAL

- årsmelding 2014 -

1 GENERELT

MGU har i 2014 hatt nok eit aktivt år, med fokus på utvikling av Moster. Det har vore fleire samlingar med bygda - og grupper i bygda – mange har vore involvert.

Hovudaktivitetar:

- Ungdomsklubb
- Turgjengen på Moster
- Julearrangement
- Røyksundskanalen
- Moster omsorgsområde

Styret oppfatar at aktivitetane i 2014 har stadfesta at Moster Grendautval bør vera eit sentralt lag i utviklinga av Moster regionen.

2 AKTIVITETAR 2014

MGU har i 2014 arbeidd med følgjande saker:

A. *Konstituering av styre for 2014*

Roller delt som vist i punkt 3

B. *Dynamiske Mosterhamn*

3-årig Liv og Lyst prosjekt støtta av Innovasjon Norge, Hordaland Fylkeskommune og Bømlo kommune, i tillegg til andre finansieringskjelder. Går over 3 år 2012-2014. Prosjektet leverer også ein eigen årsrapport.

Hovudområder for dette prosjektet i 2014:

- **Omdøme og identitet:** Stor aktivitet med både fellesarrangement, Facebook og nettside. Med anna arrangement «Julegate i Mosterhamn», saman med Moster Skulekorps og Næringa i sentrum.
- **Bygde og tettstadplanlegging:** I dette delprosjektet har det vore gjennomført eit allmøte for rekruttering.
- **Turgjengen på Moster** held fram med nye løyper og stor aktivitet. Mange engasjerte og mykje flott arbeid som er gjort.
- **Santiago** er eit prosjekt for å skape eit spel/teaterstykke med tema frå Santiago-forliset ved Moster.
- **Marinarkeologi og Dykking.** Prosjekt for å fokusere på leiting og undersøking av historia rundt Santiago-forliset. Samarbeid mellom Bømlo Sportsdykkere og Moster Museum.

- **Omdømme og identitet.** Fellessamling samt danseundervisning
- **Møteplassar** med hovudfokus på ungdomsklubb. Ungdomsklubben har hatt eit aktivt år i flotte lokale som ungdommen sjølv har vore med å fiksa på. Lokala vært også nytta av kaffiklubben.
- **Næringsutvikling** med nyåpning av «Sento», torg og marknadsaktivitetar
- **Idebank.** Arbeid med fleire idear, med anna utvikling av Mostraparken og området rundt Moster Amfi

C. Moster Omsorgsområde

- Hatt fleire møter med leiing, tillitsvalgte ved Moster Omsorgsområde. Me har også møtt kommunen. Denne saka har komme opp frå engasjerte mostringar.

D. Røysundskanalen

- Gruppa som jobbar med denne saka har gjort mykje bra. Det er no avdekka kva som bør gjerast i forhold til utbedringar. Prosjektet er godt i gong, er finansiert og forespørsel til entreprenørar vert sendt ut i løpet av mars.

E. Næringsforum

- Det er ikkje helde møter i 2014. Men, med så mykje nyetablering må dette opp å gå i 2015.

3 ORGANISASJON

For 2014 har MGU hatt følgjande organisering:

Styret for 2014 har vore:

Leiar:	Roy Fimland
Nestleiar:	Kåre Spissøy
Styremedlemmer:	Tony Hidle, Merete Solås, Asbjørn A Sætre
Varamenn:	Reinert Røksund, Ingvald Grindheim, Grethe Sivertsen
Valnemd:	Magnus Stavland, Arve Lilledal
Revisorar:	Rune Sivertsen, Magnus Stavland

Prosjekt:	Dynamiske Mosterhamn	Kåre
Prosjekt:	Maritim/ kanalar	Reinert
Prosjekt:	Gruvepark	Bjørn M D
Prosjekt:	Næring	Ingvald/Kåre
Prosjekt:	Bulyst aktivitetar	Merete
Prosjekt:	Tur og friluft	Knut Magne/ Sissel
Prosjekt:	Informasjon/ Web:	Kåre
Prosjekt:	Kommunale planar	Asbjørn
Prosjekt:	TV aksjon	Sissel / Grethe

4 ØKONOMI (revidert årsrekneskap)

MGU har fortsatt ei relativ stor omsetning, i all hovudsak med årsak i Røyksundskanalen og Dynamiske Mosterhamn prosjektet.

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	2013	2012	2011	2010	2009
Inntekter	kr 643 367	kr 265 000	kr 284 757	kr 155 401	kr 199 768	kr 154 055	kr 11 297
Utgifter	kr 321 383	kr 265 000	kr 268 737	kr 209 159	kr 207 655	kr 67 078	kr 3 660
Overskot	kr 321 984	kr 0	kr 16 020	kr -53 758	kr -7 887	kr 86 977	kr 7 637
Til disposisjon 21.02.2014	kr 382 807		kr 60 823	kr 44 803	kr 98 561	kr 106 448	kr 19 462

Merknader:

- I beløpet til disposisjon 21.02.2013 ligg det kr 366 250 avsett til Røyksundkanalen
- Det vil komme inn ca. kr 16 000 frå Gjensidigestiftelsen for å dekke utgifter Turgjengen har hatt
- Liv & Lyst prosjektet vert avslutta 2014

5 ÅRSPLAN 2015

MGU vil ha følgjande fokusområder i 2015:

- Omdømebygging MGU
- Dei gamle på Moster – Eldresenteret
- Dei unge på Moster – Ungdomsarbeid
- Næring på Moster
- Planarbeid, vegarbeid
- Tur og friluft
- Santiago (seminar og spel)
- Mostraparken

Mosterhamn 04. mars 2015
Styret